



Lag ein enkel elektrisk krins

Dette treng du

- Ulike batteri som passar til dei ulike pærene
- Kraftige diodar
- Leidningar
- Teip
- Aluminiumsfolie, binders, knappenåler, sakser,
- Nøklar, blyantar, plastskeier, ispinnar, papir, stoff

Framgangsmåte

Finn ut korleis du kan byggje ein enkel krins ved hjelp av eit batteri, ein leidning og ei lyspære / ein diode. Utforsk korleis straumen flyt frå batteriet til dioden/lyspæra og får ho til å lyse. Du kan òg leggje til brytarar eller andre komponentar for å sjå korleis det påverkar krinsen.

Glødelampe 3,5 V



Diode 1,8-2,2 V

Oppdrag

- 1) Få dioden/miniaturpæra til å lyse! Ved hjelp av utstyr du finn i klasserommet, skal du få ei lyspære / ein diode til å lyse. Prøv deg fram og finn den beste måten (hugs at på ein diode må det lengste beinet vere kopl mot plussida på eit batteri for å verke, og du må velje rett pære til styrken på batteriet).
- 2) Få minst tre diodar/lyspærer til å lyse samtidig.
- 3) Lag eit produkt der ein eller fleire diodar er med i produktet. Tips kan til dømes vere å lage eit reinsdyr med raud lysdiodenase slik Rudolf har. Eller kva med ein snømann med lysande knappar? Ver kreativ og finn på noko morosamt.

Dette har eg funne ut

